

# Årsmøteprotokoll Kinsarvik Bygdekvinnelag 2024

## Årsmøte i Bygdekvinnelaget 4.november

Stad: Kinsarvik fjordhotell

25 medlemmer møtte

Leiar Inger ynskta velkomen til årsmøtet.

Medlem Ragnhild Opedal Tveit spelte to stykker på saxofon.

David Strand frå Frivillighetssentralen i Kinsarvik informerte om arbeidet. Han er heilt ny i arbeidet og har fleire planar for arbeidet. Han tek i mot idear og forslag til aktivitetar. Har kontor på gamle heradshuset.

Inger les opp føremålsparagrafen til Bygdekvinnelaget. Det var ingen innvendingar til sakliste eller innkalling. Inger vart vedteken som møteleiar, Tonje som referent. Marita Instanes og Jorunn Hus vart valde til å skriva under møteboka.

### Åsmelding og rekneskap

Tonje les opp årsmeldinga 2024. Me skal endre antal medlemmer som møtte på Olaug Nilsen på biblioteket, og endre antal potetkakekurs til 3 stk.

Brita les opp rekneskapet, då Anne er på reise. Referat og rekneskap vert sendt ut til alle medlemmer. Me har ca. 130 000 i samla overskot. Rekneskapet er revidert av Kirsti Lutro og Audhild Buddenbaum, og er funnen rett. Fekk tilbakemelding på at rekneskapet var lett å forstå. Det vart avstemming og rekneskapet vart vedteke.

### Løyvingar

Informasjon om at me har fått løyvd 130 000 til kjøken i Borstova. Tek opp og får godkjent at styret kan bruke inntil 25000 kr før ein må ta det opp i resten av laget.

Vedteke at også Bjødnabykse 4H får 1000,- til fruktkorger.

Ynskje at pengar frå loddsal til sommarbasaren 2025 vert øyremerka kjøkkenutstyr.

Framlegg til løyvingar vart vedteke med desse endringane.

### Val

Gudbjørg og Gunn Berit var valnemnd.

Styremedlemer er valgt for 2 år. Inger Dyrneslier styremedlem for 2 år og leiar for 1 år.

Anne Eitrheim tek attval. Tonje og Kari Ann Myhre Vikane er ikkje på val.

Helga Opedal og Elisabeth Mehl er nye styremedlemer.

Varamedlem styret 1 år: 1 Brita Helleland, attval. 2 Liv Birgit Haustveit.

Revisorar for 2 år: Eli Utne Lillevik Audhild Buddenbaum , ikkje på val.

Valnemnd 3 år: Gudbjørg Grønsdal, ikkje på val, Margareth Moberg, ny

Gunn Berit Bjøtveit Beck, vara i 1 år.

Matøkt med rundstykker og frukt.

### **Årsplan**

Inger les opp årsplan.

Innspel om at juletreff får bytt namn til Juletreff, slik at det namnet viser at det er for alle aldrar. Bygdekvinnelaget skal høyre med skulen om dei er intresserte i at me vert med og arrangerer denne festen.

Sommarbasaren laurdag 14.juni kl 16, treng ein komite, det kjem liste over kva ulike oppgåver dei ulike medlemene får.

Tysdag 24.juni får me ei japansk gruppe på besøk.

Kaffinemda treng påminning om kven som skal ha kaffinemnd den aktuelle gongen.

Årsplanen vart vedteken.

Inger er representant i distriktssyret, ho informerte om Hordaland bygdekvinnelag.

Helene Olsen vart takka for det store arbeidet ho har gjort for bygdekvinnelaget. Ho har vore med i styret i 34 år, og vore leiar i 9 år. Dei siste åra var ho nestleiar. Ho fekk blomar, og vottar som Brita hadde strikka. Ragnhild avslutta kvelden med fint musikkinnslag.

Referent: Tonje Merete Kalhagen Eitrheim

Inger Karin Dyrnesli, leiar

Marita Instanes

Jorunn Hus